

Oslo, 25. april 2023

Til
Stortinget

Innspel til boklova frå Norsk Bibliotekforening

Norsk Bibliotekforening er ein interesseorganisasjon for bibliotek og bibliotekbrukarar, med til saman 2700 personlege og institusjonelle medlemmer. Vi organiserer heile bibliotek-Noreg med både folkebibliotek, universitets- og høgskulebibliotek, andre fagbibliotek og skulebibliotek i tillegg til bibliotekbrukarar, forfattarar og andre som meiner bibliotek er viktig.

Overordna meiner vi at ei boklov må prøve å ta vare på interessene fyrst og fremst for forfattarane og lesarane, og at reguleringar som følgje av boklova må vera med og sikre at ein så brei litteratur som mogleg blir skriven og utgjeven på dei norske og samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka, samstundes som litteraturen blir tilgjengeleg for lesarane uavhengig av sosioøkonomisk status eller kulturell bakgrunn. Biblioteka er eit viktig ledd for å sikre at alle har tilgang.

Vi meiner at Kulturdepartementet sitt framlegg i hovudsak er godt, og at det på ein god måte balanserer dei ulike omsyna boklova må ta, med eitt viktig unntak: spørsmålet om tilgang til e-bøker og lydbøker.

Kven skal avgjera kva som finst på biblioteket?

Dette er det prinsipielle hovudspørsmålet for oss i denne høyringa. I ei reint fysisk verd var det enkelt. Når ei bok eller lydbok vart gjeven ut var ho tilgjengeleg for sal. Den såkalla konsumpsjonsregelen i åndsverkslova gjer at når noko fysisk er kjøpt, eig kjøparen råderetten over det fysiske eksemplaret. Det kan seljast vidare, lånast ut, øydeleggjast og til og med kopierast til eige bruk.

Innanfor det digitale universet er det ei anna tilnærming. Når du vil lese eller lytte digitalt, signerer du samstundes ein avtale om at du IKKJE kan selje vidare, låne ut eller kopiere. Du kjøper tilgang, anten enkeltvis som «eksemplar» eller ved å kjøpe tilgang til ein større database som strøyming. I standardavtalane er desse «eksemplara» likevel bundne til deg som brukar, og du må godta vilkåra ved kjøpet.

I høyringsnotatet til boklova gjorde departementet det klart at ein meinte at papirbøker og e-bøker i prinsippet er det same: «Departementet foreslår at leveringsplikten også skal gjelde for eksemplarsalg av e-bøker. Departementet anser e-bøker som fullverdige bøker og ser ingen grunn til å forskjellsbehandle e-bøker og fysiske bøker når det gjelder plikten til å levere bøker.»

Dette prinsippet støttar vi heilt og fullt. Vi meiner at det òg må gjennomførast for bibliotek. I dag er stoda at bibliotek ikkje får kjøpe eksemplar av e-bøker, men betaler ein pris per lån. Anten i form av pakkar á 10 utlån (6 for lydbøker) eller per enkeltlån. Dette er eit heilt nytt prinsipp, og etter vår meining eit uheldig prinsipp både for biblioteka og lesarane. Biblioteka mistar moglegheita til å bygge varige samlingar. Forfattarorganisasjonane har heller ikkje

diskutert, så vidt vi veit, om dei ønskjer at bruken i bibliotek i større grad skal betalast per utlån i staden for per eksemplarsal kombinert med bibliotekvederlag. Bibliotekvederlaget er no vorte teknologiavhengig, så opphavarane får godtgjort for bibliotekbruken uavhengig av om den er fysisk eller digital.

Departementet sitt opphavlege framlegg til lovtekst i §7 var godt, ved at det slo fast ein leveringsplikt av digitale lydbøker til bibliotek. I det endelege framlegget er det fjerna, med ei tilvising til at rettstilstanden er uklår, og at det trengst ytterlegare utgreiing.

Vår klåre oppfatning er at med bakgrunn i EU-domstolen si avgjerd i sak C-174/15 og lovproposisjonen til åndsverkslova (Prop. 104 (2016-2017)), vil det opphavlege framlegget til lovtekst vera dekkjande. Med dei andre endringane i paragrafen bør formuleringa no bli

«§7 Plikt til å tilby og levere digitale lydbøker

[...]

En utgiver skal levere digitale lydbøker som nevnt i første ledd til eksemplarsalg til forhandlere som omsetter digitale lydbøker og til bibliotek. [...]

Ei liknande formulering bør inn i §6 om bøker og e-bøker, sidan prinsippet om digitale eksemplar gjeld uavhengig av om det er tekst eller lyd.

Ei innvending mot dette, kan vera at eit pålegg om å levere e-bøker og digitale lydbøker kan gripe inn i den frie forhandlingsretten til partane. Etter vår meining handlar boklova nettopp om ei avveging mellom ulike omsyn for å fremje litteraturen, og ei likehandsaming av fysiske og digitale format er i kjernen av dette. Eit slikt pålegg er ikkje meir urimeleg enn andre rettar og plikter som følgjer av lova. Vi vil mellom anna vise til punktet i Prop.82 L under 10.4.3 om framlegget til §6 og 11.4.3 i framlegget om §7: leveringsplikta gjeld for dei e-bøkene (§6) og e-lydbøkene (§7) som utgivarane har gjort tilgjengeleg i ei distribusjonsteneste for sal av bøker (t.d. Bokbasen). Når departementet meiner at dette løyser utfordringane med åndsverkslova og leveringsplikta, meiner vi at det òg må gjelde høve til utlån i tråd med EU-domstolen si avgjerd i 2016.

Denne retten vil vera avgrensa til e-bøker og e-lydbøker som blir handtert på same måte som fysiske bøker. Dvs. at biblioteket kjøper ei fil, og lagrar ho i ein sikker base. Når boka blir lånt ut digitalt, vil andre lånarar som vil lesa den same boka måtte stille seg på venteliste. Når lånetida har gått ut eller lånaren er ferdig, mistar lånaren tilgangen og boka går til neste lånar på venteliste. Dersom dei ikkje vil vente på å lesa boka, kan dei bytte app og kjøpe ho hos ein digital bokhandel. Dette er ein rein kopi av den fysiske bibliotektenesta.

Det vil framleis vera ein avtalefridom som gjeld pris (t.d. kan forlaga nekte å gje biblioteka rabatt), og etter fastprisperioden kan det inngåast andre avtalar. Ein kan sjå for seg tidsavgrensa digitale klassesett, tidsavgrensa lisensar til lesesirklar med meir. Dette vil i så fall vera heilt opp til forlaga om dei vil tilby.

Praksisen dei siste åra gjennom både Kulturrådet si innkjøpsordning og det digitale utlånet formidla av Biblioteksentralen og Bokbasen viser at ein no har system som handterer tilgangsstyring på ein slik måte som departementet skildrar i lovproposisjonen og at ein kan handtere ein digital konsumpsjonsregel som kopierer det fysiske bibliotekutlånet.

Departementet har heilt rett i at det med bakgrunn i høyringa kan trengst meir utgreiing om korleis dette skal handterast. Det må gjerast i samband med forskriftsarbeidet. Skal

biblioteka vera i stand til å oppfylle samfunnsoppdraget om å tilby kvalitet, allsidigheit og aktualitet i bibliotektilbodet, må dette også inkludere e-bøker og e-lydbøker. Ikkje som noko forlaga kan velje (eller velje bort) å gjera, men noko som bibliotekbrukarane har rett til.

I litteraturfeltet/bokbransjen har det vore diskutert ein del dei siste åra om tilhøvet mellom digital og fysisk lesing/lytting. Vårt poeng er at dette er eit val som den enkelte lesar må få ta. Då er det bransjen, biblioteka og politikarane si oppgåve å leggje til rette for at litteraturen faktisk blir tilgjengeleg for alle og kan formidlast på alle plattformer i åra som kjem.

Med venleg helsing

Norsk Bibliotekforening

Vidar Lund

leiar